



Garnes vidaregåande skule
Garnesstølen 63
5264 GARNES

Dato: 05.06.2014
Vår ref.: 2014/15568-8
Saksbehandlar: eliwik
Dykkar ref.:

Søknad om utviding av elevtalet ved Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram, skuleåret 2014/2015

Vi viser til brevet dykkar, dagsett 29.05.14.

Søknaden om utviding av elevtalet ved Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram ved Garnes vidaregåande skule kan ikkje godkjennast.

Fylkesutvalet gjorde i møte den 20. mai 2014 vedtak om at skulen skal vere ein klasse Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram ved Garnes vidaregåande skule. Ein klasse i dette utdanningsprogrammet gir høve til å ta inn inntil 30 elevar.

Fylkesdirektør for opplæring ser det som heilt avgjerande å halde seg lojalt til fylkesutvalet sitt vedtak om at skulen får ein klasse Vg1 studiespesialiserande utdanningsprogram komande skuleår. Fylkesutvalet røysta berre over to alternativ; to klassar som vart nedstemt og ein klasse som vart vedteke. I tillegg til fylkesrådmannen si saksutgreiing vart det svara munnleg på spørsmål som fylkesutvalet sine medlemmer hadde før vedtaket vart gjort.

Ein kan ikkje i ettertid kome med andre innspel til organisering når eit endeleg vedtak er gjort for komande skuleår.

Fylkesdirektøren for opplæring vil elles ikkje kommentere dei einskilde punkta i ovannemnde brev frå skulen sidan vi oppfattar saka som endeleg avgjort for skuleåret 2014/2015.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør for opplæring

Birthe Andersen Haugen
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Hillevi Runshaug
Roald Steinseide